



Her er salet av årer i full gang. Lengst til venstre sit Gunnar Kjærland, som heldt andakt og vann ved! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Gunnar Kjærland (84), Uskedal-misjonæren som aldri let seg pensjonera, var i ei hovudrolle under den tradisjonelle basaren på Vonheim fredag kveld. Ikkje berre opna han med å halda andakt som så mange gongar før i dette huset. Han sette også punktum for kvelden med å vinna basarens mest spesielle og originale gevinst – to mål ved.**

Det må presiserast at veden, som Kåre Vetrhus hadde gjeve, var på rot. Og for dei ikkje innvidde bør det opplyst at eit mål ved er 2 x 2 x 0,6 meter. Den spreke "ikkje-pensjonisten" var sjølvsgad glad for gevinsten, men opplyste til uskedalen.no at han nok kjem til å satsa på AFA. Kjærland la denne gongen tilhørarane på sinne kor viktig det er at ikkje minst fadrane fyller si rolle og gjev dei unge eit kompass i sitt hjarta slik at dei kan gjera dei rette val i livet.

Ellers sette basaren, som har vore halde i "alle år" til inntekt for huset, ny inntektsrekord. Men så var da også frammøtet imponerande – det kom 40 til Vonheim på sesongens første vinterførekveld! Og leiaren kunne konstatera at det var "enormt med gevinstar" denne gongen.

10.000 kroner vart summen i kassa, det var heile 3.000 meir enn i fjor og pengane kjem svært godt med til forsikring og vedlikehald. Det som står på vedlikehaldsprogrammet til sommaren er vask av sørveggen. Leiar Britt Torill Mathiesen opplyser at ein ellers er godt på tur med vedlikehaldet. To vegger vart måla denne sommaren og vassproblema er løyst.

Årsmøtet, som også vart halde fredag, valde Merete Haugland Røstbø inn i styret etter Inger Haugland og dei andre som sit der no er Britt Torill Mathiesen, Anders Kristoffersen, Anne Grete Sjo og Kåre Vetrhus. Styret konstituerer seg sjølv på nyåret.

No gler eldsjelane bak Vonheim seg til ein ny programpost, juleverkstaden den 24. november. Det er stor interesse for denne, som truleg kjem til å samla meir enn 30 barn.

Dette var ellers ein god, gamaldags og triveleg basar med tradisjonelt opplegg. Og den vart leia av dei samme, nærmast profesjonelle aktørane. Kva hadde til dømes basaren vore utan Sverre Myklebust si malmfulle røyst?

Av Ola Matti Mathisen.



Leiinga av basaren var like profesjonell som alltid. Til venstre Britt Torill Mathiesen. I midten sit Sverre Myklebust og Ingolf Musland og til høgre står Anders Kristoffersen. (Foto: Ola Matti Mathisen)